

# TightRope



*Arne Moe   Roberth Lien   Knut Eilefsen   Dan Aasebø   Bottolf Lødemel*

Bak bluesbandet **TightRope** finn vi fem staute karar med vokalist og låtskrivar **Knut Eilefsen** i front. Knut er mest kjend som vokalist i ei rekke band, m.a. Woodleg Odd, Bokkereidars Bluesband, 2in Transit og Mellville. Fekk i tillegg mykje skryt for sin opptreden i "The Voice" på TV2 for nokre år sidan.

Knut har heldigvis leita fram igjen munnspelet og er no fullt tilbake på bluessporet På orgel/Rhodes finn vi **Bottolf Lødemel**. Han starta karrieren som 4-åring i farens gamaldansorkester Lødemels, men har dei siste 25 åra fokusert mest på låtskriving for ei rekke norske og internasjonale artistar. Starta bandet Mellville saman med Knut og er i dag aktiv i m.a. Listen To The Band.

**Dan Aasebø** er ein allsidig og spennande gitarist som no endeleg får spele i bluesband. Han er komponist og kulturskulelektor av yrke og har vore flittig brukt som studiomusikar og arrangør/musikar i alt frå korps via musikal til progrock og jazz. På trommer finn vi sjølvaste **Roberth Lien** som m.a. vann Union blues cup med Last Train Home. Han har i tillegg turnert med Frank Bjørdal Blues Revue gjennom fleire år og er i dag aktiv i fleire band.

Bassist **Arne Moe** har turnert i inn- og utland med Woodleg Odd i mange år, vore med Sunnmøre Baarelag i "snart hundre år" og spelar saman med Roberth i fleire band, m.a. The BluesBrackets.

Her har vi med andre ord ein solid og erfaren gjeng som presenterer ein del eige stoff frå Knut sin "Woodleg-katalog" i tillegg til kremlåtar frå m.a. BB-, Freddy- og Albert King, S.R.V og Joe Bonamassa.

Gjer deg klar for ei ny oppleving der musikalske krumspring, stor speleglede og ikkje minst solide doser humor er i fokus ☺.